



# Innst. O. nr. 117

(2008–2009)

## Innstilling til Odelstinget frå justiskomiteen

Ot.prp. nr. 86 (2008–2009)

### **Innstilling frå justiskomiteen om lov om endringer i straffelova 1902 (forelding i saker om kjønnslemlesting)**

Til Odelstinget

#### **SAMANDRAG**

I proposisjonen gjer Justis- og politidepartementet framlegg om endring i straffelova 1902 § 68 første ledd. Framlegget går ut på at foreldingsfristen for straffansvar ved kjønnslemlesting skal reknast frå den dagen fornærma fyller 18 år.

Ved kjønnslemlesting gjeld etter gjeldande rett dei alminnelege reglane om forelding i straffelova 1902. Fristen skal reknast frå den dagen det straffbare forholdet stansar, jf. straffelova 1902 § 68 første ledd.

I Ot.prp. nr. 22 (2008–2009) om lov om endringer i straffelova 20. mai 2005 nr. 28 (siste delpropisisjon – sluttføring av spesiell del og tilpasning av annen lovgivning) vart det fremja forslag om å utsetje tidspunktet for når foreldingsfristen skal ta til for desse tilfella. Samstundes vart reglane om forbod mot kjønnslemlesting i kjønnslemlestingslova §§ 1 og 2 foreslått inntekne i straffelova 2005 §§ 284 (om kjønnslemlesting) og 285 (om grov kjønnslemlesting), der også den øvre strafferamma vart skjerpa.

Det er usikkert når straffelova 2005 trer i kraft. Justisdepartementet meiner at det allereie no er behov for ei endring av utgangspunktet for foreldingsfristen i saker om kjønnslemlesting. I lovforslaget foreslår ein difor å føye til kjønnslemlestingslova §§ 1 og 2 i oppregninga i straffelova 1902 § 68 første ledd anna punktum. Dette inneber at foreldingsfristen for kjønnslemlesting skal reknast frå den dagen fornærma fyller 18 år. Lovforslaget går dessutan ut på at

denne endringa i straffelova 1902 skal setjast i kraft straks.

Realiteten i saka har vorte grundig handsama tidlegare. Justisdepartementet meiner difor det ikkje er naudsynt å sende spørsmålet på høyring.

Departementet kan ikkje sjå at forslaget vil få nemnande økonomiske eller administrative konsekvensar for det offentlege, forutan ei mogleg auking av talet på prosessar.

#### **MERKNADER FRÅ KOMITEEN**

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, leiaren Anne Marit Bjørnflaten, Thomas Breen, Ingrid Heggø og Hilde Magnusson Lydvo, frå Framstegspartiet, Jan Arild Ellingsen, Solveig Horne og Thore A. Nistad, frå Høgre, Elisabeth Aspaker og André Oktay Dahl, og frå Sosialistisk Venstreparti, Akhtar Chaudhry, viser til at lovforslaget følger opp Regjeringens handlingsplan mot kjønnslemlestelse fra 2008. Forslaget går ut på å utvide § 68 første ledd annet punktum i straffeloven 1902, slik at kjønnslemlestelsesloven § 1 og 2 blir tatt inn i bestemmelsen. Komiteen støtter det framlagte lovforslaget. Dette vil føre til at foreldsesfristen for kjønnslemlestelse skal regnes frå den dagen fornærmede fyller 18 år.

Komiteen er enig med Regjeringen i at det er nødvendig å foreta denne endringen nå og at den skal settes i kraft straks. Dette er lovbrudd som i stor grad rammer unge jenter på en alvorlig måte. Ofte er de nærmeste voksnene som skal ivareta barnets interesser, involvert i overgrepene. De vil også ofte forklare barnet at dette er noe som er nødvendig og riktig å gjennomføre. Dette fører til at det kan gå mange år før barnet skjønner hva det har blitt utsatt for og melder

fra om forholdet. Etter dagens lov kan da fornærmede oppleve at denne handlingen kan være straffefri på grunn av foreldelsesreglene. Dette er uheldig både for den fornærmede og fordi det i denne typen saker reduserer det allmennpreventive hensynet. Den foreslalte endringen vil også hindre at man spekulerer i at saken er foreldet, når barnet er voksent nok til å melde ifra.

Komiteen viser til svarbrev fra justisministren datert 2. juni 2009 (vedlagt) angående lovens ikrafttredelse. Komiteen er enig i at loven bør gis en så vid anvendelse som mulig og gjelde for alle overtredelser av forbudet mot kjønnslemlestelse som er begått, men ikke foreldet på det tidspunkt lovendringen trer i kraft. Komiteen viser videre til justisministerens brev om betraktingene rundt forholdet til Grunnloven § 97 og foreslår på bakgrunn av dette følgende tillegg i lovforslagets del II:

#### "II

Lova tek til å gjelde straks. Lova gjeld for alle lovbroter som ikke er forelda når lova tek til å gjelde."

Oslo, i justiskomiteen, den 5. juni 2009

**Anne Marit Bjørnflaten**

leiar

**Thomas Breen**

ordførar

#### TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

#### vedtak til lov

om endringar i straffelova 1902 (forelding i saker om kjønnslemlesting)

#### I

I Almindelig borgerlig Straffelov 22. Mai 1902 nr. 10 skal § 68 første ledd anna punktum lyde:

Ved overtredelse av §§ 195, 196 eller lov 15. desember 1995 nr. 74 om forbud mot kjønnslemlestelse §§ 1 eller 2 skal fristen likevel regnes fra den dag fornærmede fyller 18 år.

#### II

Lova tek til å gjelde straks. Lova gjeld for alle lovbroter som ikke er forelda når lova tek til å gjelde.

**Vedlegg****Brev fra Justisdepartementet v/statsråden til justiskomiteen, datert 2. juni 2009****Ot.prp. nr. 86 (2008-2009) Om lov om endringar i straffelova 1902 (forelding i saker om kjønnsleesting)**

Jeg viser til brev 2. juni 2009 fra Stortingets justiskomité vedrørende ovennevnte odelstingsproposisjon som Justiskomiteen for tiden har til behandling.

I proposisjonen foreslås det å endre straffeloven 1902 § 68 første ledd annet punktum om utgangspunktet for foreldelsesfristen. Hovedregelen er at fristen for foreldelse av straffansvar løper fra den dagen det straffbare forholdet er opphört, jf. straffeloven 1902 § 68 første ledd første punktum. Lovendringsforslaget går ut på at fristen for foreldelse i saker om overtredelse av forbudet mot kjønnsleesting likevel ikke skal begynne å løpe før fornærmede fyller 18 år.

Lovendringsforslaget foreslås å skulle tre i kraft straks. Det vil likevel bare gjelde for overtredelser av forbudet mot kjønnsleesting som begås etter at

lovendringsforslaget trer i kraft, jf. straffeloven 1902 § 3 første ledd som foreskriver at straffebestemmelser som gjaldt på gjerningstidspunktet skal legges til grunn. For allerede begåtte, men ikke foreldede overtredelser av forbudet mot kjønnsleesting, gjelder således fortsatt hovedregelen i straffeloven 1902 § 68 første ledd første punktum om at fristen for foreldelse av straffansvar løper fra den dagen det straffbare forholdet er opphört.

Jeg er av den oppfatning at lovendringsforslaget bør gis så vid anvendelse som mulig og gjelde for *alle* overtredelser av forbudet mot kjønnsleesting som er begått men ikke foreldet på det tidspunktet lovendringsforslaget trer i kraft. Grunnloven § 97 om forbud mot lovers tilbakevirkende kraft er ikke til hinder for en slik lovendring. Dette kan oppnås ved at lovforslaget del II gis følgende tilføyelse (i kursiv):

"*Lova tek til å gjelde straks. Lova gjeld for alle lovbroter som ikke er forelda når lova tek til å gjelde.*"

